

**Fra:** Mona Hermansen <Mona.Hermansen@norconsult.com>  
**Sendt:** fredag 27. oktober 2023 15:32  
**Til:** Merethe Tvedt  
**Emne:** RE: 17/22604 Søknad om oppstart av planarbeid, gnr 22 bnr 4

Hei!

1. Forsamlingshuset er for nærområdet på Frekhaug og ikkje for eit større geografisk nedslagsfelt. Forsamlingslokalet skal nyttast av Kristen fellesskap Nordhordland. Dei har fleste medlemmane sine innanfor 5918 Frekhaug, og ein del medlemmer i Mjåtvæitmarka. Dei fleste bur, arbeider og går på skule/ barnehage på Frekhaug, i tillegg til at dei då vil bruke dette nye lokalet. Bygget vil verta brukt til barne og ungdomsarbeid, samlingar for pensjonistar, strikkecafe, i tillegg til Gudstenester og andre samlingar.

I tillegg skal imidlertid lokalet kunne nyttast av nærmiljøet. Lokalet Kristen fellesskap har i dag vert lånt ut til åremålsdagar, konfirmasjonar, mindre konsertar, osv. Dette vil dei forsetja med, og det vil vera åpent for andre lag og organisasjoner. Det vil såleis kunne fungera som eit grennahus

Dette er først og fremst et forsamlingslokale for lokale folk, slik dei fleste samfunnshus og bedehus er det.

Trafikken til lokalet vil stort sett bli i tidsrom der det ikkje rush (dvs utanom tida folk skal på arbeid og levere i barnehagen).

Det vil leggast opp til, og stimulerast, til at flest mogeleg går og syklar.

Vi har tatt høgde for eit maks-scenario mht biltrafikk med utgangspunkt i den bruken som Kristen fellesskap skisserer. Dette går fram av trafikknotatet datert 02.10.2020, som vart sendt til dykk 06.10.2020.

- 2) Forsamlingshuset er altså for nærområdet på Frekhaug og ikkje for eit større geografisk nedslagsfelt, og gir difor lite biltrafikk. Vår fagansvarleg innan trafikktryggleik, Tore Bergundhaugen, har gjort ei vurdering av trafikktryggleik for vegen Mjåtvæitmarka. Denne vurderinga ligg i planomtalen kap 5.8, men er her blanda litt med skildring av tiltaka som områdeplanen legg opp til. Her kjem difor ei oppklåring. Oppsummert er vår vurdering angåande vegen Mjåtvæitmarka:
  - Det er ei utfordring med friområdet/ leikeplassen på vestsida av vegen, og parkerte bilar langs med denne. Denne utfordringa oppstår imidlertid ikkje som en følgje av auka ÅDT/ trafikktalet. Dette bør ryddast i, men er naturleg å ta som del av områdeplanen.
  - Å legge inn tosidig fortau, slik det er vist i områdeplanen, kan etter vår vurdering ikkje påleggast Tonesmarka-planen. Som vi skriv: *Så lenge fortauet er bredt og trafikk situasjonen oversiktteleg har ikkje ÅDT noko særleg å seie for trafikksikkerheit for langsgåande ferdsle*
  - ÅDT kan imidlertid påverke trafikktryggleiken for mjuke trafikantar som skal krysse vegen. Vi anbefaler ideelt sett fleire humpar (Statens vegvesen si handbok V128 «Fartsdempande tiltak» tilrår ein avstand på ca. 75 m. mellom humpar når fartsgrensa er 30 km/t). Vi anbefalar og at ein vurderer tiltak for å sikre kryssingspunkt, dvs nedsenk i fortauet ved naturlege stader for gangkryssing.

Når det gjeld det siste punktet har vi tidlegare meint at dette best vurderast som ein del av områdeplanen. Vi registrerer imidlertid no at områdeplanen i sine rekkefølgeføresegner har vist til ei «Skisse til trafikkdempande tiltak» som skal vere retningsgjevande for trafikksikkerhetsarbeid langs Mjåtvæitmarka. Vi stiller spørsmål til løysingane i denne skissa i høve til regelverk og trafikktryggleik. Vi går ikkje inn på alt her, men dette gjeld for eksempel tiltak som gangfelt og rekkverk på ein samleveg/ bustadveg med 30 km/t. Særleg rekkverket er vi tvilande til då ein med eit smalt fortau innanfor rekkverket kan få nye trafikkfarlege situasjoner (bredde på fortau vist i reguleringssplanen er 2,7m). Konseptet med ei skisse som skal vere retningsgjevande er elles generelt utfordrande då tiltaka i rekkefølgeføresegna då er svært uklare/ kan endre seg over tid. Vi anbefaler difor ikkje rekkefølgekrav knytt til tiltaka i denne skissa.

Basert på vår vurdering kan forslagsstillar gå med på eit rekkefølgekrav for Mjåtvæitvegen knytt til å sikre etablering av humpar kvar 75. m og legge inn nedsenk i fortauet ved naturlege stader for gangkryssing.

Skal vi sende nye føresegner der dette er med eller tar du opp denne problemstillinga i di sak/ sakshandsaming?

Mvh

**Mona Hermansen**

Planlegger

Mob: +47 454 04 674

[mona.hermansen@norconsult.com](mailto:mona.hermansen@norconsult.com)

**Norconsult Norge AS**, Postboks 1199, NO-5811 Bergen

Valkendorfsgaten 6, NO-5012 Bergen

Tel: +47 55 37 55 00 | Fax: +47 55 37 55 01

[www.norconsult.no](http://www.norconsult.no)

---

**From:** Merethe Tvedt <[merethe.tvedt@alver.kommune.no](mailto:merethe.tvedt@alver.kommune.no)>

**Sent:** mandag 23. oktober 2023 15:19

**To:** Mona Hermansen <[Mona.Hermansen@norconsult.com](mailto:Mona.Hermansen@norconsult.com)>

**Subject:** VS: 17/22604 Søknad om oppstart av planarbeid, gnr 22 bnr 4

Hei Mona,

Viser til telefonsamtale tidlegare i dag, der vi informerte om at detaljplanen for Tonesmarka ikkje blir tatt opp i førstkommande APM møte 8.11.2023. Årsaka er som nemnd at vi ser det hensiktsmessig å få tydleggjort saka best mogleg, med tanke på sakshistorikk og nye politikere som skal sette seg inn i saka.

Det er nokre ting eg treng ein oppklaring/spesifisering på:

Eg ser at det i prinsippvedtak som var gjort i APM/KS på at Tonesmarka (vedlagt) kunne planleggast med forsamlingshus sjølv om det i kommuneplanen ligg som bustad at det var eitt tilleggspunkt til vedtaket om at:

**Tilleggsframlegg frå Nils Marton Aadland, H:**

I planprosessen må de avklarast om tiltakshavar planlegg grendahus som er tilgjengeleg for buminiløet i nærområdet, eller om søknaden gjeld eit større geografisk nedslagsfelt.

Eg meiner bruken av forsamlingshuset er beskrive noko i planskildringa, men det går ikkje klart nok fram kva «geografisk nedslagsfelt» forsamlingshuset blir for?

I saka er det også sagt at ein må vurdere trafikksikringstiltak knytt til forsamlingshuset, og dette har ein samanheng med kva nedslagsfelt dette blir for. Slik eg les planmaterialet hittil er at de skriv at dette skal løysast i pågående områdeplan.

Eg tenker at det er to ting som er viktig å få med i saka.

1. Kva geografisk nedslagsfelt er forsamlingshuset for?
2. Dersom dette er eit større geografisk nedslagsfelt, meiner dere framleis at de ikkje skal gjere nokon tiltak i Tonesmarka planen?

(Dette inneber truleg at me må vurdere at det blir stilt rekkefølgjekrav om at områdeplanen med deira trafikksikringstiltak må vera bygd før utbygging av forsamlingshuset. Er dette vurdert hos dere?).

Fint om eg får ein tilbakemelding på dette snarast, og seinast innan fredag 27.10.23

Med vennleg helsing

Merethe Tvedt

*CONFIDENTIALITY AND DISCLAIMER NOTICE: This message is for the sole use of the intended recipients and may contain confidential information. If you are not an intended recipient, you are requested to notify the sender by reply e-mail and destroy all copies of the original message. Any unauthorized review, use, disclosure or distribution is prohibited. While the sender has taken reasonable precautions to minimize the risk of viruses, we cannot warrant the absence of, or accept liability for, any such viruses in this message or any attachment.*